



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Sogn og Fjordane fylkeskommune  
Fylkeshuset, Askedalen 2  
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/244-2

20.02.2017

## Godkjenning av Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020

Kommunal- og moderniseringsdepartementet fekk Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 6. januar 2017 til sentral handsaming. Planstrategien er vedteken i fylkestinget 14. juni 2016. Den er utarbeidd etter føresegnene i plan- og bygningslova.

Departementet tek til vitande at den regionale planstrategien legg dei regionale utfordringane til grunn for prioriteringar av regionale planar. Desse må og leggst til grunn for medverknad og oppfølging frå dei regionale statsetatane. Planstrategien byggjer også på dei nasjonale forventningane til den kommunale og regionale planlegginga. Departementet har ingen merknader til planstrategien.

Det er viktig at staten sine regionale etatar deltek aktivt i regionale planprosessar. Departementet vil framheve verdien av at fylkesmannen kjem tidleg inn når dei ulike planprosessane startar opp, for å hjelpe i vurderinga av kva statlege etatar som må trekkjast inn.

Planstrategien tek ikkje stilling til økonomiske prioriteringar, nye føringar eller forventningar til oppgåveløysing i fylkeskommunane, meir enn det som er pålagt i lov og forskrift. Den tek heller ikkje stilling til konkrete planspørsmål eller målkonflikhtar. Slike spørsmål inngår i arbeidet med dei regionale planane. Godkjenning av regionale planstrategiar omfattar ikkje

konkret ressursbruk, prioritering og løyving av ressursar blir vurdert gjennom dei årlege budsjettprosessane.

### **Vedtak**

*I medhald av plan- og bygningslova § 7-2, ved delegert fullmakt gitt i kongelege resolusjonar 24. mai og 13. desember 2013, godkjenner Kommunalt- og moderniseringsdepartementet Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020, vedteken av fylkestinget 14. juni 2016.*

Med helsing

Jarle Jensen (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Erik Vieth Pedersen  
avdelingsdirektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*